



STORTINGET

# Representantforslag 162 S

(2022–2023)

frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik

Dokument 8:162 S (2022–2023)

**Representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringpolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg**

Til Stortinget

## Bakgrunn

Regjeringa Solberg etablerte i 2019 retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar som slo fast at nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak skal lokaliseras utanfor Oslo-området, for å sikre ei fordeling av statlege arbeidsplassar som medverkar til å utvikle sterke arbeidsmarknader i alle delar av landet.

Regjeringa Støre endra nyleg desse retningslinjene slik at nye og omlokaliserte statlege verksemder no heller ikkje skal lokaliseras til andre større byar i andre landsdelar, som eksempelvis Bergen, Stavanger, Trondheim, Tromsø eller Kristiansand. Så langt forslagsstillarane er kjende med, skjedde denne sidestillinga av Oslo og større byar i andre landsdelar utan ein føregåande prosess eller ei høyring som henta inn synspunkt og innspel frå dei byane og fylka i regionar utanfor Oslo-området dette rammar.

Det er svært stor skilnad på konsentrasjonen av statlege etatar og organ i hovudstaden og i dei andre byane utanfor det sentrale Østlandsområdet, som no blir sette i same kategori som Oslo når det gjeld lokalisering av

nye og omlokaliserte statlege verksemder. Byar som Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø er viktige regionale motorarar for heile fylket/landsdelen dei ligg i. Dei er også naturlege lokaliseringalternativ for større etableringar som det elles er vanskeleg å lokalisere andre stader enn i og rundt Oslo. Eit godt døme er etableringa av Konkurransetilsynet i Bergen under regjeringa Bondevik II i 2004. Ei slik etablering hadde ikkje vore mogleg med den nye politikken for lokalisering av statlege arbeidsplassar som regjeringa Støre no har innført utan føregåande debatt eller prosess.

For å oppnå ei meir balansert folketalsutvikling i Noreg i framtida mellom ulike landsdelar, er byar som Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø viktige som motorar for utvikling av heile landsdelen dei ligg i – i samspel med andre byar og regionar i landsdelen/fylket. Det er unødvendig og kontraproduktivt av regjeringa å skape splitting og splid mellom dei større byane utanfor Oslo-regionen og mindre og mellomstore byar og bu- og arbeidsmarknader i dei same landsdelane.

Å legge større nye statlege etableringar og omlokaliseringar til desse byane som alternativ til den store opphopinga av statlege etatar og organ i Oslo-regionen, kan i mange tilfelle vere ei tenleg løysing. Det er sjølvstendig viktig å sørge for at dei etableringane som kan leggest til mindre byar og tettstader blir lagde dit, slik som til dømes regjeringa Bondevik II gjorde med utflyttinga av Fredskorpset/Norec til Førde i Vestland i 2004. Samtidig må det visast større fleksibilitet når det gjeld jobbstad for den einskilde arbeidstakar i statlege etatar.

Forslagsstillarane meiner difor det er feil av regjeringa å sette større byar i regionane rundt om i Noreg i same kategori som Oslo når det gjeld i kva byar ein av prinsipp skal unngå å lokalisere nye statlege verksemder.

## Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremma følgande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa i retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar om å fjerne sidestillinga av større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i

Trøndelag og i Nord-Noreg med Oslo i oversikta over kvar nye og omlokaliserte statlege verksemdar ikkje skal plasserast.

2. Stortinget ber regjeringa kome attende med ei heilskapleg vurdering av oppdaterte kriterium for lokalisering av statlege arbeidsplassar i den varsla stortingsmeldinga om distriktspolitikk.

15. mars 2023

**Alfred Jens Bjørlo**

**André N. Skjelstad**

**Ane Breivik**